

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/15	Levekårsutvalet	PS	03.02.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eileen M Feste	15/90

Fordeling av kulturmidlar 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret har løyvd kr 2.037.600 til Kulturmiddelføremål for 2015. Midlane vert fordelt på følgjande kategori

Kategori	Ramme for kulturmidlar 2015
Idrett	715.200
Musikk	512.700
Barn- og ungdom	297.500
Andre aktivitetstilbod	189.800
Kulturvern og samlingar	272.400
Avsette midlar til tildeling hausten 2014	40.000
Tilskot til Bygdebok- og kulturminnefond	10.000
Totalt	2.037.600

Levekårsutvalet - 006/15

LE - behandling:

Fellesframlegg:

Rådmannen sitt framlegg med endring:

Tilskot til Bygdebok- og kulturminnefond vert stroken og pengane kr. 10.000,- avsett til tildeling hausten 2015.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Kommunestyret har løyvd kr 2.037.600 til Kulturmiddelføremål for 2015. Midlane vert fordelt

på følgjande kategori

Kategori	Ramme for kulturmidlar 2015
Idrett	715.200
Musikk	512.700
Barn- og ungdom	297.500
Andre aktivitetstilbod	189.800
Kulturvern og samlingar	272.400
Avsette midlar til tildeling hausten 2014	40.000
Tilskot til Bygdebok- og kulturminnefond	10.000
Totalt	2.037.600

Tilskot til Bygdebok- og kulturminnefond vert stroken og pengane kr. 10.000,- avsett til tildeling hausten 2015.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet

Bakgrunn

Levekårsutvalet skal avgjere fordeling av ramme for tildeling av kulturmidlar for 2015 for kategoriene 1. Idrett, 2. Musikk, 3. Barn- og ungdom 4. Andre aktivitetstilbod og 5. Kulturvern og samlingar. Levekårsutvalet skal også avgjere midlar som vert avsett til tildeling hausten 2015. Tilslutt skal Levekårsutvalet avgjere om ein ønskjer å ta kr 10.000 frå Kulturvern og samlingar for å oppjustere Bygdebok- og kulturminnefond frå kr 890.000 til kr 900.000.

Vurdering

Ramme for kulturmidlar har vore uendra dei siste 5 åra. I Kulturplan for 2010-2020heiter det

«...kommunen bør auka ramma for den økonomiske støtteordninga til lag og organisasjonar med 50% frå 2009 nivå».

Levekårsutvalet må sjå saka om fordeling av kulturmidlar 2015 i samanheng med sak om retningslinjer for Bygdebok- og kulturminnefond. Fondet har i dag ei ramme på kr 890.000. Arbeidsutvalet som har utarbeid retningslina, har foreslått at rådmann finn kr 10.000 slik at fondet vert oppjustert til kr 900.000. I rådmannen sitt framlegg i saka, vert det fremja forslag

frå rådmann at kr 10.000 vert tekne frå kulturmidlar. Midlane er føreslått henta frå Kulturvern og samlingar som vert redusert med kr 10.000 i forhold til 2014, frå kr 282.400 i 2014 til kr 272.400 i 2015. Erfaring synar at denne posten ikkje har hatt så mange søknadar som det er avsett midlar til.